## Godt besøk utan reklame!

27.10.2015




Vinden har stukke av med plakaten i fleire omgangar1

**TI-aren i Gamleskulen har framleis godt besøk. Ei oppsummering for høsten som uskedalen.no har foreteke fortel at snittomstninga har vore rundt rekna 1300 sidan juli.
Best var det rundt månadsskiftet juli/august med 1746 kroner 28.juli.Ein annan god dag var 1790 kroner 6.oktober. Som kommentar til den første dagen stod det FULLT HUS OG MANGE UTE i protokollen. Og no i oktober har det ikkje vore nokon reklame for kafeen!**

Men korleis kan det hengje saman? Forklåringa er den enkle at vinden har reve ned plakaten på veggen gong på gong, og løysinga er tydelegvis å få på plass ein ny plakat laga av sterkare materiale. Ellers er det eit gjennomgåande trekk at det er svært få born som vitjar tysdagskafeen. Rekorden av born er såleis 19 denne hausten.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen